



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jørgen Aarø, 55 57 20 46

Vår dato
12.03.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2009/3176 432.1
Dykkar referanse

Adresseliste

Heltveit-Bjørge naturreservat er oppretta

Vern av Heltveit-Bjørge naturreservat i Lindås kommune vart vedtatt ved kongeleg resolusjon den 14. februar 2014. Med det har Hordaland fått sitt første verneområde gjennom ordninga med frivillig vern. Reservatet er oppretta for å ta vare på eit variert skogområde med mellom anna edellauvskog og sjeldne artar av lav.

Vern av 30 skogområde i heile landet

Den 14. februar 2014 vart 30 skogområde over heile landet verna ved kongeleg resolusjon. Blant desse var Heltveit-Bjørge naturreservat som ligg langs Hindnesfjorden i Lindås kommune, Hordaland. Heile foredraget til kongeleg resolusjon finn du på Klima- og miljødepartementet sin heimeside under pressemeldingar¹.

Frivillig vern i Hordaland

Heltveit-Bjørge naturreservat er det første området i Hordaland som har blitt til gjennom ordninga med frivillig skogvern på privateid grunn. Dette er ein arbeidsmåte som inneber at grunneigarar sjølv kan tilby område til verneformål mot kompensasjon for tap av bruksrett til arealet. Erfaringane med arbeidsmåten har vore positive, og Fylkesmannen vil nytte høvet til å takke grunneigarane i reservatet og Vestskog for eit godt samarbeid.

Naturverdiar og verneform

Heltveit-Bjørge naturreservat ligg i ei bratt fjordli ned mot Hindnesfjorden i Lindås kommune. Topografien i området gjer at lia har relativt lite sol, noko som er med på å gi høg luftfukt. Området er spesielt kjent for ein rik lavflora, og nokre av lavartane er typiske for temperert regnskog. Her finst mange ulike skogtypar, mellom anna furuskog, rik edellauvskog og fattig lauvskog. Edellauvskog er oftast å finne i sør vendte skråningar, men lia her er vendt mot nordaust, og dette er ein spesiell kvalitet i seg sjølv. Sør i området står det spreidd med gamle, styva asketre, som viser at området har vore prega av gardsdrift i tidlegare tider.

¹ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld>

I eit naturreservat er alle inngrep og tiltak som kan føre til endringar av naturmiljøet forbode. Målet er at heile økosystemet og dei økologiske prosessane i området skal vernast, og at naturen skal få utvikle seg fritt og utan inngrep. Det er gjort unnatak for nokre aktivitetar, som til dømes sinking av bær og matsopp. Der ikkje anna er spesifisert i verneforskrifta gjeld viltlova og motorferdsellova.

Vernekart og verneforskrift

Grunneigarar og rettshavarar i området kan kontakte Fylkesmannen for å få tilsendt papirkopi av vernekartet. Kartet ligg òg tilgjengelig for nedlasting på Fylkesmannen i Hordaland sin nettstad².

Vi ber kommunen ta vare på vernekaret og verneforskrifta, slik at naturreservatet blir ivaretatt i lokal arealplanlegging.

Med helsing

Olav Overvoll e.f.
seniorrådgjevar

Jørgen Aarø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Adresseliste

Anna Ekanger Heltveit	Eidavegen 552	5993 Ostereidet
Bergen Turlag	Tverrgt. 4-6	5017 Bergen
BKK	Postboks 7050	5020 Bergen
Hordaland bonde- og småbrukarlag	hordaland@smabrukarlaget.no	
Hordaland bondelag	hordaland@bondelaget.no	
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 Bergen
Ivar Heltveit	Våkleivbrotet 62	5155 Bønes
Kjell Morgan Bjørge		5993 Ostereidet
Laila Bjørge	Bjørge 210	5993 Ostereidet
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914 Isdalstø
Naturvernforbundet i Hordaland	hordaland@naturvernforbundet.no	
NOF Hordaland	nof@birdlife.no	
NJFF Hordaland	Tverrgaten 4/6	5017 Bergen
Norges miljøvernforbund	nmf@nmf.no	
Norsk botanisk forening Vestl.	hkhaa@uib.no	
Vestskog BA	post@vestskog.no	

² <http://www.fylkesmannen.no/hordaland/>